

Høgskulelektor Egil Arne Standal

Institutt for sosialfag
Avdeling for historie og samfunnsfag
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda

e-post: egil.arne.standal@hivolda.no
Telefon arbeid: 70 07 51 56
Mobil: 95 15 38 86

5. desember 2014

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
postmottak@bld.dep.no

Høyringsfråsegn – Forslag om å utvide adgangen til å pålegge hjelpetiltak med hjemmel i lov om barneverntjenester

Eg viser til høyringsbrev frå departementet datert 20.10.2014 vedlagt høyringsnotat av same dato.

Eg har dei om lag tre siste åra arbeidd med eit juridisk doktorgrad-prosjekt med tittelen «Bevis i barnevernet: Ein studie av normene for innhenting, vurdering og formidling av «bevis», den faktiske sida av normstyrte beslutningar i barnevernet.» Denne høyringsfråsegna bygger såleis for ein stor del på arbeid eg har gjort i dette prosjektet. På grunn av tidsnaud er diverre ikkje denne høyringsfråsegna så godt kjeldebelagd som eg kunne ynskje.

Eg støttar i all hovudsak forslaget om å utvide høvet til å pålegge hjelpetiltak i lov om barneverntenester, heretter kalla barnevernlova, forkorta bvl. Eg har nokre merknader til forslaget.

1 Barnevernetenesta: Hjelpetiltak og tvang

1.1 Gjeldande reglar om pålegg om hjelpetiltak

Gjeldande reglar i barnevernlova har fem heimlar for pålegg om hjelpetiltak. Tre heimlar i barnevernlova § 4-4: Pålegg om opphald i barnehage og andre eigna dagtilbod, pålegg om tilsyn, og pålegg om foreldrestøttande tiltak. Her er dessutan to heimlar i bvl. §§ 4-10 og 4-11 om pålegg om medisinsk undersøking og behandling, og om behandling og opplæring. Det er fylkesnemnda som kan pålegge desse tiltaka. Ingen av desse heimlane blir brukt anna enn i nokre ytterst få tilfelle kvart år. Ut over desse heimlane, som etter noverande rettstilstand i realiteten ikkje blir brukt, føreset barnevernlova § 4-4 sine reglar om hjelpetiltak at foreldra og barna *samtykkar* i hjelpetiltaka.

1.2 Problema med samtykke, skjult tvang

Hjelpetiltak føreset altså samtykke. Her er fleire problem med dette, og tre av dei er nemnde på side 7 i Høyringsnotatet, med vising til Elisabeth Gording Stang sitt doktorgradsarbeid¹: Gjeldande rett

¹Elisabeth Gording Stang (2007): Det er barnets sak. Barnets rettsstilling i sak om hjelpetiltak etter barnevernloven § 4-4, side 403.

er slik at foreldre kan hindre ønskelege hjelpetiltak ved å nekte å samtykke og samarbeide, forhandlingar med barnevernet kan føre til at det blir sett i verk andre og mindre omfattande hjelpetiltak enn det som er fagleg ønskeleg, og i ein del tilfelle blir samtykket trekt, i tillegg til dei mange tilfella der foreldra av ulike grunnar ikkje maktar å følgje opp det som dei har samtykka i, det som har blitt avtalt med barnevernet.

Det er fleire grunnar til at foreldre *samtykkar* i hjelpetiltak. I somme tilfelle har foreldra ei realistisk verkelegheitsoppfatning, og er merksame på og einige i behovet for hjelpetiltak, og bidrar som best dei kan. I slike tilfelle kan det vere evna til å vere ein god nok omsorgsperson som sviktar, og i mange slike tilfelle vil hjelpetiltak vere det som skal til for at barnets situasjon skal bli akseptabel. I andre tilfelle er foreldra meir eller mindre einige i hjelpetiltaka, men motivasjonen kan vere ulik, og skiftande.

1.3 Frykta for omsorgsovertaking som grunnlag for skjult tvang

I ganske mange tilfelle bygger foreldras samtykke til barnevernet sine forslag til hjelpetiltak på «skjult tvang». Med dette meiner eg den underliggande og underforståtte makta som ligg i barnevernets alvorlegaste tvangsheimel, omsorgsovertaking. Denne er dei foreldra som er i kontakt med barnevernet klar over, og viss dei ikkje er klar over det, så er det barnevernets plikt å gjere dei merksame på, at eit av dei viktigaste formåla med hjelpetiltak er, som departementet i høringsnotatet har som ein grunnleggande premiss: Å unngå at det blir nødvendig med omsorgsovertaking. Her er altså ein sterk underliggande og underforstått tvang i det praktiske barnevernet, jf mellom anna Gording Stang 2002 og 2007.²

1.4 Manglande samarbeid med hjelpeapparatet

Hovudgrunntil at det er føremålstenleg å innføre fleire reglar om tvungne hjelpetiltak er at det i mange tilfelle diverre ikkje mogleg å få til eit tilfredsstillande samarbeid med foreldra om friviljuge tiltak. Problem med samarbeid med hjelpeapparatet grunnar seg diverre ofte i dei same underliggande problema som også skapar vanskar i høve omsorga for barn.

Fleire saker for Høgsterett illustrerer dette problemet. Det dreiar seg om foreldras motvilje, passivitet, og manglande evne og vilje til å følgje opp, der også samtykke blir trekt. Eit typisk eksempel er Rt. 1998, s. 1702, der det på side 1710 står at mors samtykke til ulike hjelpetiltak gjentekne gongar vart trekt, dette gjaldt både barnehageplass, besøksheim og skulefritidsordningar. I same dommen blir det peika på eit anna typisk problem på side 1708: «Skolen får lite kontakt med foreldrene.»

Tilsvarande handlar dette om foreldre som unndrar seg kontakt med barnevernet, eit typisk eksempel er Rt. 1987, s. 289 på s. 300:

«Men alternativet, at de flytter tilbake til foreldrene, med deres mangelfulle omsorgsevne og deres *uvilje mot å motta hjelp fra det sosiale hjelpeapparatet*, må etter min mening anses for å innebære en betydelig fare for barnas fremtidige utvikling. Jeg nevner at foreldrene i samtale med de sakkyndige har gitt klart uttrykk for at de *ikke ønsker noen kontakt med behandlingsapparatet*. De sier at hvis barna tilbakeføres til dem, vil de flytte til et annet distrikt, hvor de vil «leve som en normal familie» og klare seg selv.» (Mine uthevingar.)

1.5 Formålet med denne lovendringa

Eg sluttar meg elles til *målsettingane* med forslaget om å i større grad å kunne pålegge hjelpetiltak. Dette vil kunne bidra til å møte barnevernfaglege målsettingar om rett hjelp til rett tid, tidleg intervensjon, og å hindre omsorgsovertaking. I mange saker blir hjelp sett inn for seint, og verknaden for barnet kan vere alvoleg. Slike tiltak kan såleis hindre fare for framtidig skade, hindre skade i å oppstå eller bli forverra, og kan betre situasjonen for barnet.

²Elisabeth Gording Stang (2002): Frivillige tiltak og grensene mot bruk av tvang i barnevernet

1.6 Fare for at færre vil vende seg til barnevernet ved innføring av heimel til å pålegge hjelpetiltak, høyringsnotatet side 7.

Hovudgrunnen til at foreldre ikkje vender seg til barnevernet er nok frykta for omsorgsovertaking, og også ubehaget ved å skulle bli undersøkt. Men *foreldre tar likevel kontakt med barnevernet i dag*, for å få tilgang til hjelpetiltak. Det er vanskeleg å tenke seg at mogleg *frykt for barnevernet* skulle *auke* viss barnet får heimel til å pålegge hjelpetiltak i somme tilfelle: I tilfelle burde dei ikkje ta kontakt med barnevernet no heller. Det er då heller ikkje sannsynlegvis dei same foreldra som tar kontakt med barnevernet for hjelp, som er aktuelle for *pålegg* om hjelpetiltak. Her er diverre ei heilt anna målgruppe for pålegg om hjelpetiltak: Foreldra i dei *vanskelege* sakene. Det er dei same foreldra som ikkje vil at skule, barnehage, helsestasjon, lege skal ta kontakt med barnevernet for nødvendige hjelpetiltak, som også er sannsynlege foreldre som nektar hjelpetiltak.

1.7 Samarbeid og frivilligheit ein føresetnad for tiltaka i «de fleste tilfelle», høyringnotatet side 7:

Foreldras samarbeid er i ein god del tilfelle slett ikkje nokon føresetnad for at tiltaka skal ha verknad, jf Gording Stang 2002 om barn som *trejupart* i desse sakene. Dei fleste *kompenserande* tiltaka som er foreslått i Høyringsnotatet føreset i liten grad *foreldras* medverknad for å ha verknad. Påstanden overser også den skjulte tvangen ligg i barnevernet slik reglane er i dag, dvs at «frivilligheita» kan vere så som så.

1.8 Tiltakas inngripande karakter, høyringsnotatet side 6:

«Alle tvangsvedtak etter barnevernloven vil være av svært inngripande karakter.»

Slik eg ser dette, vil dette variere mykje, og nokre av vedtaka kan ikkje seiast å vere «svært» inngripande, igjen typisk dei kompenserande tiltaka. Og dette gjeld enn meir, viss ein samanliknar med tiltak som samfunnet pålegg foreldre og barn. Samfunnet krev trass alt også at barn skal møte til obligatorisk skulegang frå dei er 6 år, opplæringslova § 2-1. Og samfunnet krev også av foreldre at dei skal møte med barnet til helsekontroll, pasient- og brukarrettighetslova § 6-1 andre ledd. Plikter, som inneber ein viss grad av tvang, er ein konsekvens av å leve i eit samfunn, med fridomar og rettar, men også med plikter. Dette inneber mange former for dagleg tvang. Motivasjon er då heller ikkje eit begrep som er frikopla frå tvang.

1.9 Tiltak retta mest mot barnet, og tiltak retta mest mot foreldra:

Høyringsnotatet skil mellom kompenserande tiltak, endringstiltak og kontrolltiltak. Eit vel så interessant skilje, er mellom tiltak som rettar seg mest mot *barnet*, og tiltak som rettar seg mest mot *foreldra*, omsorgspersonane. Lovforslaget om tvungne hjelpetiltak er i så måte også forslag om pålegg overfor barnet, og i ein del tilfelle også mest overfor barnet, dette gjeld særleg dei fleste kompenserande tiltaka. Dette er ikkje drøfta i Høyringsnotatet, men det er mogleg at den alminnelege vurderinga av at tiltak i barnevernet må vere til *barnets beste* er tilstrekkeleg.

1.10 Rettstryggleik

Noverande ordning, jf høyringsnotatet side 12, er jo trass alt at barneverntenesta «vedtar» tvang med heimel i foreldra si frykt for barnevernet, jf her at samtykke framsett under meir eller mindre tvang ikkje nødvendigvis ein gong er gyldige. Rettssikkerheitsmessig er dette etter mi oppfatning vel så problematisk som tydelege vedtak, jf tilsvarende hos Stang 2002 og 2007. Etter mi oppfatning vil ikkje dei foreslåtte vedtaka redusere rettstryggleiken i barnevernet.

2 EMK

Det kan ikkje vere tvilsamt at EMK Artikkel 8 ikkje er til hinder for at her i Noreg blir innført fleire reglar og meir tvingande reglar om pålegg om hjelpetiltak. I tillegg til dei argumenta som er nemnde i Høyringsnotatet, veg hensynet i EMK Artikkel 8 andre ledd tungt: «for å beskytte andres rettigheter og friheter». Her vil det, i samsvar med prinsippa i Barnekonvensjonen, vere foreldra

sine rettar og fridomar som må vike for barnas rettar og fridomar: Barns rett til gode og trygge oppvekstvilkår, og å *hindre at barns helse og utvikling blir skadd*, for å bruke eit par av formuleringane i barnevernlova § 1-1, formålsparagrafen.

Klare sakshandsamingsreglar, høyringsnotatet side 7:

Dette er eit vilkår etter EMK for å pålegge tvang. Som det framgår av fleire EMD-saker, her må nødvendigvis vere vage og skjønnsprega reglar innan barnevernet, men rettssikkerheit må då tryggast ved gode saksbehandlingsreglar³. Dei foreslåtte reglane i høyringsnotatet er godt over det som EMK krev uansett val av alternativ.

3 Dei foreslåtte tiltaka

Skiljet mellom dei ulike typene tiltak er ikkje klart, f eks kompensierende, omsorgsendrande, og kontrolltiltak. Eg viser særleg til drøftinga av «avlastingstiltak» under.

3 1 Kompensierende tiltak (Høyringsnotatet punkt 6.1.1)

Dei foreslåtte tiltaka er i stor grad ikkje meir enn det som følgjer av foreldreansvaret, eit foreldreansvar som – i desse tilfella der pålegg om hjelpetiltak er aktuelt, ikkje berre blir brukt til barnets beste.

Ei problemstilling, som gjer somme av desse tiltaka meir tvingande i somme tilfelle, vil vere *kulturforskjellar*, f eks motvilje mot at jenter skal vere borte frå heimen. Desse problema må i tilfelle vere ein del den *faglege* vurderinga som barnevernet må foreta i slike saker.

I stor grad handlar desse tiltaka om å gje barn ein «normal» oppvekst: Foreldre som set seg i mot slike tiltak vil regelmessig ha eit svakt nettverk, som elles ville dekkja desse delane av ein oppvekst – og mangelen på nettverk skuldast dei same problema som også gir problem i forhold til vanlege omsorgsfunksjonar.

1 Barnehage og anna eigna dagtilbod:

Dette er eit velegne og vel utprøvd hjelpetiltak i barnevernet, også i ein del tilfelle som tvungent hjelpetiltak.

2 Opphald i besøksheim:

Dette er ikkje meir inngripande enn det foreldre pålegg sine barn som følgje av foreldreansvaret og ein heilt vanleg oppvekst: Ein vanleg oppvekst inneheld besøk hos slektningar og vennar, og også overnattingsbesøk, og også overnatting borte frå foreldra i andre samanhengar, i samband med fritidsaktivitetar, som speidar, fotballturneringar mv.

3 Avlastingstiltak:

Det er ikkje klart for meg kva som er meint med «avlastingstiltak». Viss besøksheim og støttekontakt ikkje går inn under begrepet avlastingstiltak i denne samanhengen, så klarar eg ikkje å finne anna «avlastingstiltak» som er aktuelt, enn «miljøarbeid i heimen» og liknande. Det røyser i tilfelle heilt andre problemstillingar enn dei andre kompensierende tiltaka som er nemnde i notatet, som rettar seg i stor grad mot barnet, og ikkje mot foreldra. Som nemnt over, i stor grad føreset *ikkje* desse *andre* såkalla kompensierende tiltaka nokon særleg medverknad frå foreldra.

Miljøarbeid i heimen. Tradisjonelt miljøarbeid i heimen er problematisk fordi det i varierende grad føreset *medverknad* frå foreldra. Men som det har vore nemnt elles, mellom anna av Sosiallovutvalet: Når tiltaket er sett i verk, er dei gjerne nøgde med det. Dette kan dreie seg om det

³EMD-saker: Olsson – Sverige I; Margareta og Roger Andersson – Sverige; Johansen - Noreg

som tradisjonelt vart kalla husmorvikar, bistand med og opplæring i praktiske oppgåver, som kosthald, hygiene, reinhald, rutiner, også i alminnelege foreldrefunksjonar. Eg kan ikkje sjå det annsleis, enn at det må vere føremålstenleg å ha heimel til å kunne pålegge slike tiltak.

4 Leksehjelp:

Heller ikkje dette er meir inngripande enn det vanlege foreldre pålegg sine barn som følgje av foreldransvaret og ein heilt vanleg oppvekst.

5 Fritidsaktivitetar:

Heller ikkje dette er meir inngripande enn det vanlege foreldre pålegg sine barn som følgje av foreldransvaret og ein heilt vanleg oppvekst. Dei fleste foreldre prøvar å oppmuntre barna til å prøve ulike aktivitetar, og legg også eit visst press på barnet for å få det i gang, og opplever at barnet gjerne trivst godt når det har blitt kjend med aktiviteten. Dei fleste foreldre vil også oppleve at barnet frå tid til anna har mindre lyst til å vere med på aktivitetar dei har meldt seg på, og det vil då vere ein del av vanleg foreldrefunksjon å vurdere om ein skal legge eit visst press på barnet i slike situasjonar, eller om ein skal la barnet få sleppe deltaking enkelte gongar eller også akseptere at aktiviteten blir avslutta. At barnevernet får høve til å pålegge deltaking i fritidsaktivitetar er i utgangspunktet ikkje særleg inngripande. Her er også tilfelle der barnet gjerne vil delta, men der foreldra ikkje ser dette behovet, og set seg i mot det.

6 Støttekontakt:

Kan ikkje seiast å vere særleg inngripande, for foreldra.

Oppsummert: Eg stør altså at desse tiltaka kan påleggast, også tiltaket «miljøtiltak i heimen», men stiller spørsmål ved kva som er innhaldet i «avlastningstiltak».

3.2 Omsorgsendrande tiltak (Høyringsnotatet punkt 6.1.2):

I høyringsnotatet er her beskrive ein serie med ulike tiltak med angitt dokumentert effekt.

Lovutkastet er formulert slik: «De omsorgsendrende tiltak som anvendes skal være faglig og etisk forsvarlige og bygge på et allment akseptert og sikkert kunnskapsgrunnlag.»

Betyr dette at det er berre desse beskrivne programma (og tilsvarande program) som skal kunne brukast? Eller skal denne bestemmelsen også gi heimel for vedtak med pålegg om fagleg underbygde tiltak, der tiltakets art og omfang blir tydeleg beskrive? Slike tiltak må jo også kunne gå inn under beskrivelsen her, jf min kommentar over til det kompensierende tiltaket «avlastning», der det også er behov for ei avklaring av kva som ligg i dette. Som nemnt over, kva så med det ein kan kalle tradisjonelt miljøarbeid i heimen? Skal her vere heimel for dette, og i tilfelle korleis?

3.3 Kontroll-tiltak (Høyringsnotatet punkt 6.1.3)

Dei foreslåtte kontroll-tiltaka er i ulik grad inngripande.

Pålegg om tilsyn: NOU 1985:18 Sosiallovutvalet, side 153 sa følgjande:

Utvalget mener det er overflødig med en slik bestemmelse. Utvalget har foreslått en bestemmelse om sosialtjenestens rett til å foreta undersøkelser i hjemmet (§ 6—3). Dessuten er foreslått en egen bestemmelse om plikt for sosialtjenesten til å følge opp de hjelpetiltak som iverksettes (§ 6—6). Slik oppfølging kan gi grunnlag for nye undersøkelser på grunnlag av § 6—3.

Det er blitt anført overfor utvalget at et tilsynsvedtak kan tjene til å markere alvorret i situasjonen og danne grunnlag for et samarbeid med familien. Utvalget mener imidlertid at allerede de bestemmelser som er foreslått vil kunne få en slik virkning. En bestemmelse om tilsyn har derfor ikke noen reell betydning.

Eg er for ordens skuld usamd med Sosiallovutvalet i at her ikkje her behov for nokon eigen heimel

for tilsyn, og også samd i forslaget i Høyringsnotatet. Her bør vere ein eigen heimel for tilsyn, og med ein lågare terskel, som foreslått. Men Sosiallovutvalet har eit poeng: Regelen om tilsyn kan sjåast i samanheng med regelen om heimebesøk i barnevernlova § 4-3, og det er ikkje ulogisk eller urimeleg at terskelen for tilsyn ikkje er unødig høg.

Tilsyn er også det hjelpetiltaket der ein klarast kan sjå for seg at politibistand til gjennomføring i somme tilfelle kan vere relevant og nødvendig.

Meldeplikt og urinprøver:

Eg støttar forslaga slik dei ligg føre.

4 Andre hjelpetiltak

På side 10 i Høyringsnotatet er det også nemnt *pålegg om råd og rettleiing*, som departementet synest å meine at her bør vere heimel til å pålegge. Eg kan likevel ikkje sjå at nokon av dei heimlane departementet har fremma som lovforslag i Høyringsnotatet dekkjer dette. Dette gir likevel høve til å nemne ein del andre moglege tiltak, som kunne tenkast å pålegge foreldre.

Pålegg om frammøte og deltaking:

Her er ikkje nokon heimel i barnevernlova til å pålegge foreldre å møte opp og delta i tiltak som er vanlege foreldreaktivitetar, foreldreplikter, og ein bør vurdere om det her skal innførast ein slik heimel. Dette gjeld både vanlege generelle plikter, og plikter som rettar seg meir mot konkrete problem for foreldre og/eller barn.

Eg tenker på slikt som, pålegg om deltaking i:

Foreldremøte, fellesaktivitetar, foreldresamtalar mv i barnehage og skule?

Barns fritidsaktivitetar?

Samtalar, med motiverande formål?

Samtalar, også med terapeutisk formål?

Ansvarsgruppemøte?

Nettverksarbeid?

Rustiltak – både for foreldre og barn?

Pålegg om deltaking i helsefremmande tiltak:

Barnevernlova § 4-10 har ei uklar rekkevidde, og blir i praksis ikkje brukt. Eg tenker på slikt som helsekontroll hos helsestasjon eller lege, tannhelse, psykisk helse, fysisk aktivitet, kosthald, overvekt.

Pålegg om arbeid og utdanning:

Barnevernlova § 4-11 har ei uklar rekkevidde, og blir i praksis ikkje brukt. Det er diverre ikkje slik, at alle foreldre ser behovet for at barnet deira skal få utdanning, arbeidspraksis og arbeidsopplæring. Dette kan vere aktuelt også for barn under 15 år, og det kan vere aktuelt å pålegge eit barn over 15 år dette.

5 Nesten alle hjelpetiltak har ein kontroll-funksjon

Nesten alle hjelpetiltak har også ein *kontroll-funksjon*, ein underliggende *følge med-funksjon*.

Barnevernet har eit klart ansvar for å «følge med», jf bvl. §§ 3-1, 4-5, 4-16 og 4-24 andre ledd tredje punktum.

5 1 Heimel til å «følge med»?

Slik det er no er den einaste klare heimelen til å få foreldra i tale barnevernlova § 4-3, heimelen for undersøking. Ein må altså starte ei undersøking – som rett nok kan vere svært kortvarig – få å ha

formell heimel til å kunne kome på heimebesøk – og dermed få foreldra i tale. I undersøkingsfasa kan det til og med brukast politibistand for å få foreldra og barnet i tale, bvl. § 6-8. Men når undersøkingsfasa er over, har barnevernet ikkje nokon heimel til dette, utan å starte ei ny undersøking. Jf foreldre som unndrar seg kontakt med barnevernet, sjå mitt avsnitt 1.4 innleiingsvis.

Problemet: Barnevernet har til ein sterk heimel i undersøkingsfasa – og deretter ingen ting.

3 (og 6) månaders-fristen er sett av omsyn til barnet, jf mappebarn, at meldingar vart liggande utan å bli undersøkt. Også av omsyn til privatlivets fred, at sakene skal undersøkast, og avsluttast når det ikkje er grunnlag for vidare tiltak. Men barnevernsaker varer ikkje i 3 eller 6 månader, dei varer lenge, ikkje sjeldan frå før barnet blir fødd til det et 23 år, bvl. § 1-3.

Barnevernet er altså avhengig av *samtykke* for å kunne følge med på barnets og familiens situasjon, ut over undersøkingsfasen. Eit samtykke kan også gi heimel for barnehage og skule, til å følge med. Viss barnevernet ikkje får samtykke til dette, og her ikkje er noko konkret hjelpetiltak som er aktuelt, så vil barnevernet ikkje ha nokon heimel for å pålegge nokon å «følge med».

I ein del tilfelle tildeler barnevernet hjelpetiltak for å ha høve til å følgje med på situasjonen til barnet og foreldra. Nokre kompensierende tiltak har såleis karakteren av «*foten innanfor-vedtak*», ein gjer vedtak om hjelpetiltak fordi ein er uviss på barnets situasjon, for å ha eit visst høve til å følgje med på utviklinga til barnet og familien. Slike tiltak har også tillitsskapande effekt.

Det er ikkje mogleg å foreta gode vurderingar av barnets og familiens situasjon utan eit tilstrekkeleg faktisk grunnlag. Dette er det ikkje mogleg å få til, utan eit tilstrekkeleg lovgrunnlag for å kunne innhente opplysningar om barnet og barnets omsorgssituasjon.

Eg ber såleis om at det blir vurdert om barnevernet bør få ha heimel til å pålegge offentlege informantar å følgje med på eit barns situasjon for ei avgrensa tid, inntil eit år, tilsvarende forslaga i Høyringsnotatet.

6 Kven skal kunne pålegge hjelpetiltak

Høyringsnotatet foreslår at det skal vere fylkesnemnda som gjer desse tvangsvedtaka.

Eg vil sterkt frårå denne løysinga. Erfaringane med noverande reglar, der barneverntenesta har måtta gått til fylkesnemnda for å få slike vedtak, tyder på at dette blir for tungvint.

Den viktigaste grunnen til at eg ikkje vil tilrå at desse vedtaka skal skje i fylkesnemnda er spørsmålet om *tid*. Ei handsaming i fylkesnemnda vil forseinke vedtaka, i somme tilfelle truleg i nokså stor grad. Vedtaka vil då ikkje berre vere avhengige av barneverntenesta sin arbeidskapasitet og framdrift, men også av fylkesnemnda si arbeidsbyrde, prioriteringar osv.

Det er også slik, at om lag halvparten av alle *omsorgovertakingar* dei siste åra har starta som *akuttvedtak*, så realiteten når det gjeld rettstryggleiken i barnevernet er at eit betydeleg tal sterkt inngripande vedtak blir gjort av den kommunale barneverntenesta i første instans. Dette er ikkje noko argument for at her bør fleire hastevedtak, men viser tydeleg behovet for heimlar for raske vedtak i barnevernet. Kan barneverntenesta gjere akuttvedtak, så må dei også kunne gjere vedtak om tvungne hjelpetiltak.

Som høyringsnotatet side 15 er inne på, desse sakene vil variere sterkt, både når det gjeld kva tiltak som det er aktuelt å pålegge, og i omfang og kompleksitet.

Ein må rekne med at mange av desse tvangsvedtaka *ikkje* vil bli påklaga til fylkesnemnda, slik at å la vedtaka skje i fylkesnemnda i første instans er ein unødvendig, fordyrande og forseinkande omveg. Viss ein verkeleg meiner at tvungne hjelpetiltak – i dei nødvendige tilfella – skal brukast, så bør ein ikkje gjere det meir komplisert, arbeidskrevjande, enn nødvendig.

For barneverntenesta vil arbeidet med eit tvangsvedtak vere omtrent det same uansett: Det må førebuast og skrivast eit vedtak, alternativt eit forslag til vedtak.

Rettstryggleik:

Kravet til kontradiksjon og forsvarleg sakshandsaming gjeld uansett for barneverntenesta, jf bvl. § 6-1 som viser til reglane i forvaltningslova, blant anna førehandsvarsel til partane i fvl. § 16, kravet til forsvarleg utgreiing av saka i fvl. § 17, der omsynet til å informere partane, her også barn, er eit krav, og kravet til skriftleg grunngjeving i fvl. § 25. Ein må i så måte legge til grunn at barneverntenesta har gjort ei skikkeleg saksbehandling, viss ikkje vil dette i seg sjølv kunne vere nok til at vedtaket ikkje vil stå seg i ei klagebehandling i fylkesnemnda.

Det høvet som foreldre og barn har til å bringe sakene inn for fylkesnemnda og retten vil gje god og tilstrekkeleg *rettssikkerheit*.

Viss ei sak er dårleg underbygd, dårleg begrunna, så bør og skal fylkesnemnda gi ei klage på vedtaket *oppsettande verknad*, jf forvaltningslova § 42, av eige tiltak. Ein må i eit slikt tilfelle også kunne legge til grunn at klaga, forfatta med advokatbistand, vil kunne få fram grunnane til at vedtaket ikkje skal *iverksettast* før klaga er behandla.

Eg reknar det som sjølvsgagt, at når det er aktuelt å pålegge hjelpetiltak med tvang, så vil den private parten ha rett på advokatbistand for det offentlege si rekning: fri rettshjelp og fri sakførsel.

Det er klart at EMK/EMD-praksis tilseier at forvaltningsvedtak med etterfølgjande rett til overprøving i fylkesnemnd og domstolar er godt nok ut frå rettssikkerheitsomsyn, jf Andreassen 2002: 307-373, særleg side 319-320 og 358-361.⁴

Rettstryggleik, 1953-lova og 1992-lova, Høyringsnotatet side 12.

Det er stor forskjell på situasjonen etter barnevernlova av 1953 og noverande reglar i barnevernlova av 1992. Systemet som er etablert for godkjenning og overprøving av kommunale akuttvedtak er langt raskare, og tar langt større omsyn til rettssikkerheit enn systemet etter barnevernlova av 1953. Også då kunne barneverntenesta gjere hastevedtak etter bvl. 1953 §11, men med langt mindre avstand til avgjerdsorganet barnevernsnemnda, og med langt lenger sakshandsamingstid hos klageorganet som då var Fylkesmannen. Det er langt større avstand mellom barneverntenesta og fylkesnemnda enn mellom barneverntenesta og barnevernsnemnda, og her er gode reglar som kan brukast og som sikrar rask og rettssikker klagebehandling av vedtak som barneverntenesta gjer: I akuttvedtak, og – i tilfelle – i vedtak om tvungne hjelpetiltak.

Eg tilrår altså at det er den kommunale barneverntenesta som får heimel til å pålegge hjelpetiltak, og at dei etablerte saksbehandlingsrutinene for akuttvedtak blir brukt som mal for saksbehandlingsrutine for desse vedtaka, jf forslaget frå departementet i Høyringsnotatet.

7 Forslaget om to underskrifter viss barneverntenesta skal gjere slike tvangsvedtak

Forslaget om to underskrifter på vedtak om pålagde hjelpetiltak verkar unødig formalistisk. Barnevernlova har sidan den vart sett i verk 1.1.1993 hatt heimel for barneverntenesta til å gjere

⁴Pål M. Andreassen (2002): Fylkesnemndbehandlingen av barnevernsaker i et menneskerettslig perspektiv

hastevedtak, jf mellom anna bvl. §§ 4-6 andre ledd, 4-9 og 4-25 andre ledd. Eit slikt formelt krav har ein ikkje hatt i desse bestemmelsane, utan at ein kan sjå at nokon har etterlyst behovet for slik formalia-rettstryggleik.

Det er også vanskeleg å sjå at eit slikt formelt krav skal ha noko praktisk tyding for rettssikkerheita i slike vedtak: I kva grad medunderskrivar av eit slikt vedtak gjer seg opp ei sjølvstendig vurdering av vedtaket kan nok variere. Viktigare er det likevel at rettstryggleiken for eit slikt tvangsvedtak må knyte seg til den førebuande *sakshandsaminga*, til den skriftlege *grunngevinga* for vedtaket, og til høvet til å bringe vedtaket inn for fylkesnemnda for full *overprøving*.

Eg frårår forslaget om to underskrifter på barneverntenesta sine vedtak om pålegg.

8 Tidsavgrensing av pålagde hjelpetiltak

Høyringsnotatet side 8 foreslår at pålagde hjelpetiltak skal ha ei tidsavgrensing på opptil eitt år. Dette verkar som ei høveleg tidsavgrensing, slik at når det har gått eit år må fattast eit nytt formelt tvangsvedtak viss dette då er nødvendig. Når lova gir heimel for vedtak for ein så pass lang tidsperiode som eit år, må det likevel vere ein grunnleggande føresetnad at krava i bvl. § 4-5 om tiltaksplan blir fulgt: at barnevernet følgjer med på tiltaket, og at tiltaket og tiltaksplanen blir evaluert regelmessig.

Utgangspunktet for fristen er i utkastet foreslått som «frå vedtakstidspunktet». Her bør det vurderast om ikkje eit fastsett «iverksettingstidspunkt» i vedtaket kan vere vel så praktisk, mellom anna vil dette gi høve til å gjere vedtak på førehand for eit år i gongen, f eks i dei mange tilfella der iverksetting må førebuast. Ei høveleg formulering kan då vere:

«Pålegg om hjelpetiltak etter dette ledd kan opprettholdes i inntil ett år fra vedtakstidspunktet eller fra fastsatt tidspunkt for iverksetting i vedtaket.»

Her kan ikkje vere nokon grunn til at ikkje pålagde hjelpetiltak skal kunne vare lenger enn to år, og forslaget formulering av forlenging av slikt vedtak verkar i så måte noko uklart formulert. Ei høveleg formulering kan vere:

«Pålegget kan forlenges med inntil ett år om gangen i nytt vedtak.»

9 Gjennomføring av pålegg om hjelpetiltak («sanksjonar»), særleg om bruk av politibistand til gjennomføring av hjelpetiltak

Eg viser til høyringsnotatet punkt 7.2 Sanksjoner ved brudd på pålegg om hjelpetiltak, side 13.

Etter gjeldande rett er det slik, at bvl. §§ 4-10 og 4-11 har heimel til å bruke politibistand til gjennomføring av tvangsvedtaka, medan det ikkje er slik heimel for pålegg etter bvl. § 4-4, jf formuleringa av bvl. § 6-8. Grunnen til at det er heimel til politibistand for tiltak etter bvl. §§ 4-10 og 4-11 er ikkje omtalt i forarbeida til barnevernlova.

Spørsmålet om tvang og bruk av politiet til gjennomføring av vedtak frå barnevernet kan eg ikkje sjå har blitt drøfta i noko omfang. Spørsmåla om *gjennomføring* av pålegg om hjelpetiltak vart ikkje drøfta av Raundalen-utvalet, NOU 2012: 5. Av dei få kjeldene som så vidt er innom problemstillinga, så blir spørsmålet om politiets bistand til barnevernets arbeid avvist som utenleg, nærast på ideogisk grunnlag: Hjelpetiltak må vere frivillige for å verke, og oppfatninga synest å vere at det er utenkeleg og umogleg å bruke politiet til å tvangsgjennomføre anna enn dei tiltaka der det av og til vil vere heilt nødvendig med politibistand: Omsorgsovertaking, akuttvedtak, plassering

av ungdommar i institusjon mv. Eit par kjelder er meir nyanserte, mellom anna at politiet har blitt brukt med god effekt i praktisk barnevernsarbeid.⁵ Ei anna kjelde, forarbeida til endringane i helsepersonellova § 8 om pliktmessig avhold, drøftar nyansert bruk av politi når det gjeld tvang: *Trusselen* om at politiet kan bli brukt er i svært mange praktiske situasjonar tilstrekkeleg til at nødvendige tiltak som er utstyrt med heimel for politi-tvang kan gjennomførast.⁶ Sameleis er her nyanserte drøftingar av bruk av politi til gjennomføring av tiltak i forarbeida til nylege endringar i barnelova.

Ein kan også sjå dette slik, at ein erstattar tydleg tvang no, med politibistand, med trusselen om – underliggande eller tydeleg uttalt – omsorgovertaking i framtida, med politibistand.

Trusselen om tvang er generelt i mange tilfelle nok. Dette gjeld skular og barnehagars trussel om å melde eit problem til barnevernet, det gjeld barnevernets underliggande trussel om omsorgsovertaking, og det gjeld barnevernets trussel om bruk av politi – og det gjeld politiets trussel om å bruke makt viss det viser seg nødvendig.

Politibistand er det no heimel for til tiltak etter bvl. § 4-3, til heimebesøk, og til tiltaka i bvl. § 4-3 femte ledd: For einesamtalar med barnet, og for å bringe barnet til undersøking hos helsevesenet. Slike heimlar har politiet i allereie i utgangspunktet i straffeprosesslova, i dei tilfella der dette er nødvendig for etterforskinga av ei straffesak.

I alle tilfelle der barnevernet ber om bistand frå politiet, må barnevernet vere til stades, som ansvarleg for tiltaket. Politiet bestemmer korleis eventuell bistand skal skje, men naturlegvis i samråd med barnevernet. I mange tilfelle er det tilstrekkeleg at politiet er i nærleiken. I andre tilfelle er det tilstrekkeleg med ein samtale på førehand mellom politiet og brukaren, klienten, for å oppnå friviljug medverknad til dei pålagde tiltaka.

Korleis ein forestillar seg politibistand har samanheng med kva ein assosierer dette med, kva bilete ein har av kva politibistand inneber. Såleis om ein forbind dette er blålys, uniformer, maktbruk, videofilming og utlegging på nettet, eller om ein forbind dette med ein roleg samtale med ein politiperson som forklarar nødvendigheita av dei tiltaka som barnevernet har vedteke, og som politiet – om nødvendig – vil bistå med å få gjennomført.

Politiet har elles oppgåver både innan rus og psykiatri, og i samband med straffbare handlingar, og slik leveforholda til ein god del av desse barna diverre er, så er dei ikkje ukjende med politiet, og at politiet også kjem heim. I mange tilfelle er det nødvendig med intervensjon frå politiet si side, også overfor barna. Politiet bistår regelmessig i undersøkingssaker etter bvl. § 4-3 rundt om i landet, og det er ikkje noko som tilseier at dette ikkje skjer på eit høveleg vis, der omsynet til belastninga for foreldre og barn blir teke tilstrekkeleg omsyn til. Politiet og barnevernet har også eit til dels omfattande samarbeid i familievald-saker, og i saker med barn med åtferdsvanskar. Også i desse vanskelege sakene bistår politiet på eit relevant vis, jf blant anna Geir Aas 2014.⁷

Som konkret eksempel på kva politi kunne tenkast brukt til, er eit så enkelt tiltak som å bidra til at barn møter opp i barnehage eller på skule. Skulefråver er drøfta av Collin-Hansen 2012, ho seier med vising til eit brev frå departementet at skulefråver ikkje er ei sak for barnevernet: «Barnevernet har ikke noen tiltak med dette formål.»⁸ Eg er usamd i dette: Som ovanfor nemnt vil *heimelen* i seg sjølv kunne ha tilstrekkeleg effekt til å få foreldre og barn til å gjere det som blir kravd. Viss ikkje vil ein *samtale* med nokon frå politiet kunne understreke at dette faktisk er alvorleg meint – og i det

⁵ Aud Keila B. Kjær og Svein Mossige (2008): Når barneverntjenesten må forholde seg til straffeloven, side 49.

⁶ Prop. 29 L (2011-2012) Endringar i helsepersonellova om pliktig fråhald m.m., side 20.

⁷ Geir Aas (2014): Politiet og familievolden

⁸ Ragnhild Collin-Hansen (2012): Barnevernloven – særlig om midlertidige vedtak, side 266.

praktiske liv vil andre hjelparar enn politiet kunne bistå i dei tilfella der foreldre slit med å klare å kome seg opp om morgonen, eller kva det no kan vere som skapar vanskar for barnets nødvendige fram møte til tiltak som samfunnet meiner barn skal delta i.

Endeleg, viss trusselen om bruk av politimakt ikkje fører til dei ønska resultata, så må barnevernet vurdere situasjonen: Berre i svært skjeldne tilfelle vil det vere aktuelt å bruke politimakt, dvs at politiet er til stades ved gjennomføringa av eit tiltak. Viss dette skulle vere aktuelt, så må barnevernet nøye vurdere om ein ikkje skal starte ei ny og grundig undersøking av foreldras omsorgsevne.

Gjennomføring med politibistand kan i så måte vise seg å vere «umogleg», pga den traumatiske effekten dette vil eller kan ha på barnet. Dette er eit dilemma ein ikkje kjem utanom, verken i barnefordelings-/samverssaker, eller i barnevernsaker. Og der resultatet kan bli, at ein må la vere å bruke den tvangen som her er *heimel* til, og i staden vurdere andre tiltak. Dette vil vere ei fagleg vurdering. Ein kan kome til at ein har berre dårlege alternativ – dette er eit generelt dilemma i barnevernet kvardag.

Eg har i avsnitt 3.3 nemnt at politibistand til *tilsyn* i somme tilfelle kan vere nødvendig.

Hjelpetiltaka er over ein lang skala, og etter mi oppfatning kan ein trygt overlata til barneverntenesta og politiet å vurdere i kva sjeldne tilfelle politibistand kan vere relevant og nødvendig, og på kva måte dette i tilfelle skal skje. Eg tilrår såleis at heimel til politibistand blir teke inn i bvl. § 6-8, f eks på følgjande vis:

Barnevernlova § 6-8 får tillagt «[fullbyrdelse av vedtak etter ...] 4-4 tredje ledd».

10 Melde- og opplysningsplikta – manglande samanheng i heimelskjeda

I dette høvet vil eg også få peike på at «pålegg om hjelpetiltak» viser den manglande samanhengen som her er i barnevernets heimelskjede.

Vedtak om å gripe inn med tvang, føreset påliteleg kunnskap om barnets situasjon. Kvaliteten av alle tiltaka avhengig av dette, muligheita til fagleg å gjere gode vurderingar, og til å gjere fagleg gode vedtak, mellom anna vedtak om tvungne hjelpetiltak heilt avhengig av kva heimlar her er til å skaffe pålitelege opplysningar.

Problemet ligg i følgjande: Barnevernet har omfattande heimlar til å undersøke i barnevernlova § 4-3, ved heimebesøk, og ved samtalar med foreldre og barn mv. Terskelen for denne heimelen er svært lav, at her er «rimelig grunn til å anta at det foreligger forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter dette kapitlet». Og «tiltak etter dette kapitlet» er mellom anna all slags hjelpetiltak etter bvl. § 4-4, der det einaste kravet er at barnet skal ha «særleg behov», bvl. § 4-4 andre ledd. Ein kan altså på dette grunnlaget krevje tilgang til heimen, og krevje å få snakke med barnet i enerom, og også få bringa barnet til sjukehus for undersøking, bvl. § 4-3 femte ledd. Alt dette er temmeleg sterke inngrep i privatliv og familieliv, jf blant anna Grunnlova § 102 og EMK Artikkel 8. Det er likevel heilt klart at styresmaktene har tilstrekkeleg heimel for desse tiltaka, etter reglane i barnevernlova, som nemnt over av omsyn til barnet. Her er også tilstrekkeleg heimel til å innhente opplysningar frå informantar, etter reglane i bvl. § 6-4, i saker med der det er «grunn til å tro» at her ligg føre opplysningar som tilseier omsorgsovertaking.

Men etter gjeldande reglar pliktar barnevernet å avslutte ei undersøking når det er avklart at det ikkje kan vere snakk om ei alvorleg barnevernsak, omsorgsovertaking mv, at det er berre hjelpetiltak som er aktuelt, og foreldra nektar hjelpetiltak. Det vil då ikkje kunne vere «grunnlag for

tiltak» etter kapittel 4, jf bvl. § 4-3.

Poenget er, at her *ikkje* er heimel til å innhente opplysningar frå informantar i det som framstår som ei klar hjelpetiltak-sak, og ikkje ei omsorgsovertaking-sak. Barnevernets moglege offentlege informantar i skule, barnehage, helsevesen og politi, vil ha *teieplikt* overfor barnevernet i ei rein hjelpetiltak-sak, slik bvl. § 6-4 og dei tilsvarende særlovbestemmelsane er utforma.

10.1 Nærare om rekkevidda av noverande reglar om informasjon til barnevernet

Gjeldande barnevernlov av 1992 har no reglar om meldeplikt og opplysningsplikt til barnevernet i bvl. § 6-4 andre og tredje ledd, for offentlig tilsette og ei rekkje yrkesutøvarar som har kontakt med barn. Meldeplikta og opplysningsplikta gjeld i situasjonar der mogleg informant har «grunn til å tro» at et barn blir «mishandlet i hjemmet» eller det foreligger andre former for «alvorlig omsorgssvikt», med vising til vilkåra for inngrep i bvl. §§ 4-10, 4-11, 4-12, eit barn har vist «vedvarende alvorlige atferdsvansker» bvl. § 4-24, eller at det er «fare for utnyttelse av et barn til menneskehandel» bvl. § 4-29. Dei praktisk viktigaste er bvl. § 4-12 om omsorgsovertaking, og bvl. § 4-24 om institusjonsplassering pga åtferdsvanskar. Poenget og problemet er at vilkåret er knytta til *terskelen for omsorgsovertaking*.

Vilkåret «grunn til å tro» er så pass vagt at det blir tolka som å gi høve til eit nokså romsleg skjøn, men her er likevel klare grenser for dette skjønnet, jf situasjonsbeskrivelsane «mishandlet i hjemmet» eller andre former for «alvorlig omsorgssvikt» som beskriv nokså alvorlege situasjonar. Den nedre grensa for dette skjønnet er mot situasjonar der barnet har behov for hjelpetiltak, men der ein *ikkje* kan seie at det er «grunn til å tro» at det ligg føre «mishandling» eller «alvorlig omsorgssvikt» som kan danne grunnlag for *omsorgsovertaking*.

Det er i så måte heilt klart, at denne heimelen for meldeplikt og opplysningsplikt *ikkje* omfattar tilfelle eller situasjonar der barnet har eit *behov for hjelpetiltak*, men der foreldra av ein eller annan grunn nektar dette. Dette følgjer av ordlyden i bvl. § 6-4, forarbeida i bestemmelsen, av ei behandling av eit forslag i NOU 2000:12 om ei utviding av melde/opplysningsplikta som blei avvist av departementet og Stortinget⁹ i 2005, og av ein no samstemt teori, mellom anna Oma 1998:221¹⁰, Andersen 2008:40¹¹, Ofstad og Skar 2009:322.¹²

I nokre tilfelle vil eit barn ha eit *klart behov for hjelpetiltak* av ulike slag. Det kan vere tannbehandling, spesialundervisning i skulen, språktrening i ein barnehage, og andre tiltak, som at foreldra treng bistand rett og slett til å klare å få barnet til barnehage eller skule. Slike tilfelle kan likevel vere langt frå at ein kan seie at det er «grunn til å tro» at det ligg føre «alvorlig omsorgssvikt», med vising til terskelen i bvl. 4-12 bokstav a. Når då foreldra ikkje samtykkar i hjelpetiltaka, så samtykkar dei naturlegvis heller ikkje i at saka blir meldt til barnevernet. Det er til dømes heller ikkje etter ordlyden i barnevernlova klart at foreldre som ikkje møter med barnet til pliktig helsekontroll, pasrl. § 6-1 andre ledd, kan eller skal meldast til barnevernet.

Eg ser i denne samanhengen bort frå at potensiell meldar kan ha eit visst høve til å melde saker til barnevernet, utan å bryte teieplikta, ut frå eige behov, for å kunne bistå eit barn, jf forvaltningslova §§ 13 b nr. 2 og nr 5. Heller ikkje desse moglege heimlane blir brukt i praksis.

Det vil dermed ikkje vere meldeplikt, og pga *teieplikta* heller ikkje melderett for den som ser barnets behov for hjelpetiltak. Barnevernet kan i slike saker ikkje kome på bana tidleg, med hjelpetiltak, rett og slett fordi dei ikkje får kjennskap til saka.

⁹Ot.prp. nr. 64 (2004-2005) side 42-47; Innst.O. nr. 115 (2004-2005) side 6-7 og side 15

¹⁰Arild Oma (1998): Teieplikt og samarbeid innanfor velferdstenestene

¹¹Njål Wang Andersen (2008): Melde- og opplysningsplikt overfor barneverntjenesten

¹²Kari Ofstad og Randi Skar (2009): Barnevernloven med kommentarer. 5. utg.

Barnevernet kan heller ikkje utan samtykke *krevje å få opplysningar* frå informantar i ei klar hjelpetiltak-sak, bvl. § 6-4 andre ledd gir ikkje heimel til dette. Her er altså *ulik terskel* for heimebesøk mv i bvl. § 4-3, og for å krevje opplysningar etter bvl. § 6-4 andre ledd.

Konsekvensen av denne rettstilstanden med omsyn til meldeplikt og opplysningsplikt, er at barneverntenesta ikkje (etter gjeldande rett) får melding om desse sakene, og dermed verken får undersøkt saka, eller gitt tilbod om friviljuge hjelpetiltak. Dette er i seg sjølv eit alvorleg problem: Det står i sterk motstrid til målsettingar om tidleg inngripen, om å kunne følgje med i situasjonen til barn som er i faresona, unngå og minske skadar på barn, og unngå meir alvorleg inngrep, som omsorgsovertaking.

Og konsekvensen for det noverande *lovforslaget* vil vere at barnevernet framleis *ikkje* kan krevje opplysningar frå desse ovanfor nemnde informantane, for å få klarlagt behovet for hjelpetiltak og det moglege faktiske grunnlaget for eit eventuelt pålegg om hjelpetiltak. Det som vanlegvis løyser problemet, i dei fleste barnevernsaker, er at foreldra *samtykker* i at opplysningar blir innhenta. Men i ei sak der det kan vere aktuelt med pålegg om hjelpetiltak, må ein diverre rekne med at i ein del tilfelle, så får ein verken samtykke til å innhente opplysningar – og heller ikkje samtykke til sjølve hjelpetiltaket.

Her er såleis ikkje samanheng mellom lovforslaget og gjeldande reglar om teieplikt og opplysningsplikt.

Her er fleire som har forslått ei endring av reglane om melde- og opplysningsplikt, mellom anna Bendiksen 2008:194-195¹³ og Barneombodet¹⁴. Reglane i bvl. § 6-4 er unødig komplisert utforma, og som Barneombodet 2011:5 peikar på: «Det er lett for eksempel å få inntrykk av at meldaren må gjere samansette og kompliserte vurderingar av meir barnevernfagleg art før ei uromelding kan sendast til barnevernet.» Eg er samd med Barneombodet, her bør innførast enklare og klarare reglar, med ein lågare terskel for melding, og der ein overlet dei faglege vurderingane av barnets situasjon til barnvernet.

Eg vil sterkt tilrå at reglane om meldeplikt og opplysningsplikt blir endra.

10.2 Forslag til formulering av endring av barnevernlova § 6-4

Barnevernlova § 6-4 andre ledd, lyder slik innleiingsvis:

§ 6-4. Innhenting av opplysninger.

Offentlige myndigheter skal av eget tiltak, uten hinder av taushetsplikt, gi opplysninger til kommunens barneverntjeneste når det er grunn til å tro

Her kan det skytast inn følgjande setning:

at det er behov for hjelpetiltak som er nødvendige for å sikre barnet tilfredsstillende omsorg og hindre at en situasjon som er beskrevet i [barnevernloven] § 4-12 skal oppstå, når [...]

Før setninga held fram med den noverande formuleringa:

¹³Lena Renate L. Bendiksen (2008): Skal sladrehanke selv ha bank?

¹⁴Barneombodet: Brev til Barne- og likestillingsdepartementet 10.12.2008 side 7; Innspel til Raundalen-utvalet hausten 2011

[at] et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. §§ 4-10, 4-11 og 4-12, når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker, jf. § 4-24, eller når det er grunn til å tro at det er fare for utnyttelse av et barn til menneskehandel, jf. § 4-29.

Som ovanfor nemnt meiner eg at noverande formulering av melde- og opplysningsplikt ikkje er god, den er alt for komplisert. Bendiksen 2008: 194-195 viser til at både svenske, danske og islandske reglar er klart enklare utforma. Personleg synest eg formuleringa i barnevernlova 1953 § 16 bokstav a var god, det meinte også barnemishandlingsutvalet, i NOU 1982: 26 side 36: Eg foreslår såleis at terskelen for melde- og opplysningsplikta blir når:

«barnet blir slik behandlet eller lever under slike forhold, at det fysiske eller psykiske helse eller utvikling utsettes for skade eller alvorlig fare.»

Eg gjer for ordens skuld merksam på at dei mange særlovene som innheld bestemmelsar tilsvarande bvl. § 6-4 uansett alternativ må endrast tilsvarande.

Eg gjer også merksam på at bvl. § 6-4 tredje ledd i realiteten er overflødig, og innheld mangt som etter lovforarbeid ikkje skulle vere der. Tredje ledd kan trygt opphevast.

Volda, 5. desember 2014

Egil Arne Standal
(sign.)